

## LESARBREV

Held forsvarslause born i fangenskap

AV BESTEFORELDRA TIL DEI 5 BORNA, NAUSTDAL

Vi har ikkje hatt lyst å stå fram i media, for det kan så fort misforståast. Men ut ifrå innlegg i Firda 30. januar, frå rådmann i Naustdal kommune og leiaren i bladet finn vi det rett å fortelje om dei faktiske forholda rundt den mykje omtala barnevernssaka i Naustdal. Vi syntest ikkje det er greitt at rådmannen, andre kommunetilsette eller nokon som helst vert hetsa eller mobba. Men når vi veit at denne saka kom som eit sjokk på mange og ikkje minst på oss i familien, er det vel ikkje rart at det vart reaksjonar.

**Denne saka** har gjort heile familien og langt utanom den svært vondt. Det har òg vore vondt å lese innlegg i saka frå forskjellige aviser der oppdragelsen av barna har fått ein negativ omtale utan at vedkommande kjenner dei faktiske forholda. Vi som bur her i heimen og har hatt barna rundt oss sidan dei vart fødde, må då vere dei som kjenner best korleis barna har hatt det hos foreldra. Mormor har til tider teke seg mykje av barna. Når dei kom frå skulen og foreldra ikkje var heime, var barna med oss. I den tida huset dei no bur i var under restaurering, budde heile familien hos oss i eit halvt år, og vi hadde dermed full oversikt over oppdragelsen.

**Vi kan** berre forsikre at vi aldri har sett at det har vore brukt vald mot barna, knapt nok at dei har vore høgrøysta med dei. Barna sjølve har heller aldri fortalt oss at foreldra har vore stygge med dei. For oss som er så glade i barnebarna våre ville det vere utenkeleg å vite at dei ikkje hadde det godt utan å gripe inn. Vi er då fullt oppegåande personar.

**Det har** komme enormt med telefonar til oss i denne tida. Folk er heilt oppskaka når dei får høyre kva framgangsmåte barnevernet i kommunen har brukt. Det ringde ei dame frå Oslo som hadde fått kjennskap til saka gjennom media. Ho spurte om barnevernet har tatt barna våre ut ifrå det som barna seier. Ja, kan det vere mogleg, sa ho. Så kunne ho fortelje at ho hadde sjølv vore med i barnevernet i Oslo. Dette var for ho ein uhøyrte framgangsmåte. Mens rådmannen seier at «barnevernet i Naustdal har gjort ein god jobb».

**Ein nær** familiemedlem på anna kant av landet med son på 8 år kom ein dag frå skulen og påstod at læraren hadde tatt kvelartak på han i klasserommet. Mor betvilte dette, men han gjentok det gong etter gong. Ho kontakta læraren, som vart svært fortvila. Og man fekk det oppklart at dette ikkje stemte. Liknande tilfelle har vi høyrte fleire av der barn har komme heim frå skulen og andre plassar og fortalt ting som ikkje stemte med verkelegheita. Alle som har barn veit at dei kan

overdrive og ta ting ut av sammenhengen. Barna kan la seg påverke av spel og film, og kan seie det som passar ut ifrå spørsmål dei får.

**Vi oppfatta** det slik ut ifrå innlegg i leiarspalta at redaktøren har valt side i barnevernssaka. Han nemner spesielt dette med kristen oppseding, og skriv at dette «sjølv sagt er reint oppspinn». Vel, då får vi sjå på kva rektoren på skulen ifølge saksdokumenta seier i telefonen i samtale med barnevernet den 13. oktober. «Skulen fortel at det er ein svært kristeleg familie, spesielt mormor i familien er veldig kristeleg med sterk tru, syndstenking, straff frå Gud. Alle tanter og onklar deler dette synet. Rektor tenker dette hemmer barna.» Er dette oppspinn!? Og så kan sin spørje kvifor dette vert dratt inn i meldinga frå skulen? Dette kan ikkje oppfattast på anna måte enn at rektor meiner kristendommen er farleg for barna.

**I politiavhøyr** fekk morfaren spørsmål om han kjende til at barna vert utsette for noko press (indoktrinering i forhold til kristentrua). Då morfaren byrja å svare litt på sida av spørsmålet, fekk han beskjed om å ikkje seie noko anna enn det som hadde med saka å gjere. Altså hadde den kristne oppsedinga med saka å gjere. Er dette òg oppspinn?

**Det er** litt spesielt å registrere at utanlandske media har forstått kva som har skjedd i Naustdal kommune i denne saka, mens norske media har ikkje forstått, eller rettare sagt, vil ikkje forstå. Her går ein i den gamle trua at «lille snille Norge» ikkje driv noko kristendomsforfølging – men det er mange måtar å drive det på.

**Redaktøren** i Firda seier i leiarspalta at ein må ha «tillit til at barnevernet prøver å gjere det som er til barnas beste». Ja, men korleis har så barna det? Jau, dei fortel at dei gret mykje og saknar foreldra. Det gjentok dei begge fleire gangar. Dei ville heim att. Eldstejenta på no 10 år (i januar) sa i telefonsamtale den 14. januar då morfar var til stades (første kontakt sidan 16. november) at ho vert supersint om dei nektar ho å treffe foreldra.

**Her held** ein forsvarslause barn i fangenskap borte frå heimen mot si vilje. Vi finn ikkje ord for kva vi føler. Og dette kallar rådmannen i kommunen, sitat: «at barnevernet i Naustdal har gjort en god jobb». Vi må ha lov å spørje. Kva er det som bur i menneske som kan gjere noko slikt mot andre sine barn?

**Barnevernet** har ein arbeidsmetode som psyker ut både barn og vaksne. Det kan ikkje ha anna til hensikt enn at barna og foreldra skal bryte saman. Det er hardt å måtte seie det, men etter måten Naustdal barnevern opptre på i vår erfaring, forstår vi ikkje anna enn at ingen barnefamiliar kan føle seg trygge i kommunen, spesielt utlendingar.

**Du får** ha oss unnskyldt, rådmann, men vi har eit godt råd. No er tida inne då du bør vurdere å gå. Og ta barnevernet med deg.

**Kommunen** og vi som bur her kan ikkje vere kjent av at Naustdal vert verdskjent på grunn av eit nådeløst barnevern som held barn i fangenskap så dei ikkje skal få komme heim att til ein god heim med gode foreldre.